

Handlingsplan for universell utforming og individuell tilrettelegging

2023 – 2028

Versjon 07.10.25

Noregs grøne fagskule – Vea



Innhold

DEL 1 INNLEIING OG BAKGRUNN FOR HANDLINGSPLANEN.....	3
Lov om høgare yrkesfagleg utdanning om universell utforming.....	3
Fagskulelova om tilrettelegging	3
Universell utforming på lærestaden	4
DEL 2 FOKUSOMRÅDE OG TILTAK.....	5
Veas mål med handlingsplanen	5
1. DET FYSISKE LÆRINGSMILJØET	6
Bygningar og omgjevnad	6
2. DET PSYKOSOSIALE LÆRINGSMILJØET.....	8
Mellom-menneskelege forhold.....	8
3. DET ORGANISATORISKE LÆRINGSMILJØET	10
4. DET DIGITALE LÆRINGSMILJØET	13
Korleis IKT brukast, integrerast og utnyttast.....	13
5. DET PEDAGOGISKE LÆRINGSMILJØET.....	15
Utforming av læringsmål, form og innhald, studieprogram eller emne, val av læringsaktivitet og vurderingsformer og presentasjon av fagleg innhald.....	15
Individuell tilrettelegging.....	15

Del 1 Innleiing og bakgrunn for handlingsplanen

Studentar og elevar ved Noregs grøne fagskule – Vea, heretter kalla Vea, har krav på eit inkluderande og trygt lærings- og studiemiljø. Dette inneber at Vea tilbyr eit læringsmiljø som tek omsyn til at studentane er ulike og har ulike behov. Eit godt læringsmiljø tek omsyn til mangfaldet blant studentane, funksjonsvariasjonane deira, kjønn, kulturelle bakgrunn og bustad. Gjennom utarbeiding og oppfølging av denne handlingsplanen set Vea fokus på læringsmiljøets ulike deler opp mot universell utforming og tilrettelegging.

Lov om høgare yrkesfagleg utdanning om universell utforming

Universell utforming og tilrettelegging er nedfelt i FNs konvensjon om rettigheter for mennesker med nedsett funksjonsevne.

Europaratet har eigne resolusjonar på universell utforming for utdanningar og studentars rett til full deltaking gjennom universell utforming.

Regjerings handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit har som målsetjing at Noreg skal vere universelt forma ut i 2025.

Kunnskapsdepartementet har pålagt alle fagskular å forma ut eigne handlingsplanar for studentar med behov for tilrettelegging i studiesituasjonen.

Fagskulelova og universitets- og høgskulelovene er identiske frå 1. august 2019 når det gjeld bestemming om tilrettelegging. Lov om høgare yrkesfagleg utdanning slår fast at læringsmiljøet skal utformast etter prinsipp om universell utforming (§ 15).

Vidare slår denne paragrafen fast følgjande:

«...Studentar med funksjonsnedsetting og studentar med særskilde behov har rett til eigna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, læremiddel og eksamen, for å sikra likeverdige opplærings- og utdanningsmoglegheiter. Retten gjeld tilrettelegging som ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for utdanningsinstitusjonen. I denne vurderinga skal det leggjast særleg vekt på effekten av tilrettelegginga for å fjerne barrierar for desse studentane, kostnadene ved tilrettelegginga og resursane i institusjonen..»

Fagskulelova om tilrettelegging

Fagskulelova slår fast at tilrettelegging inkluderer både studentar med nedsett funksjon og studentar med særskilde behov. Med særskilde behov blir det lagt til grunn at også fysiske, psykososiale eller utfordringar ved læring av meir mellombels art, kan vera inkludert av tilretteleggingsplikta, slik som til dømes eit beinbrot, behov for å amma, eller omsorgsansvar for mindreårige born.

Særskilde behov inneber at behovet må vere av ein vesentleg karakter. Til dømes vil ikkje eit kvart beinbrot nødvendigvis innebera at studenten vil ha eit særskilt behov for tilrettelegging. Vidare vil ein ikkje alltid kunna krevje tilrettelegging ved omsorg for mindreårige born. Institusjonen må vurdera kvart enkelt tilfelle, og i vurderinga må ein blant anna ta omsyn til institusjonens moglegheit for tilrettelegging, likebehandling og kva for ei byrde studenten står over for.

Tilrettelegginga skal ikkje føra til ein reduksjon av dei faglege krava som blir stilt i den enkelte utdanninga. Det medfører at tilretteleggingsplikta også er knyta til den enkelte utdanninga og det er difor ikkje nødvendigvis automatikk i type tilrettelegging som kan givast. Tilretteleggingstiltak følgjer ikkje studenten ved byte av studium eller institusjon.

I fagskulens vurdering av tilretteleggingsansvaret skal det ikkje takast omsyn til dei helsekrav som eventuelt gjeld for tilsettingar i dei aktuelle yrka utdanninga kan føra til. Tilretteleggings-moglegheiter på ein framtidig arbeidsplass er utanfor utdanningsinstitusjonanes mandat. Universell.no definerer universell utforming slik i artikkelen frå 29.mai 2020, endra 27.okt 2020:

«Universell utforming er utforming av produkt og omgivnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske i så stor utstrekking som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell utforming.»

Vidare skriv dei:

«Universell utforming og individuell tilrettelegging er to ulike strategiar for å oppnå inkludering: Tilrettelegging kan ske både gjennom generelle tiltak overfor heile studentgruppa eller gjennom spesifikke tiltak retta berre mot den aktuelle studenten.

Formålet med universell utforming er å unngå særloysninger, og at kostnader blir knytte til individuelle behov. Retten til individuell tilrettelegging skal fungera som eit supplement der nedbygginga av samfunnsskapte barrierar ikkje fullt ut er tilstrekkeleg.

Universell utforming vil ikkje løysa alle behov i enkeltilfelle for personar med funksjonsnedsetting og universelt utforma løysingar skal likevel ikkje sjå bort frå individuell tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne når det er behov for det.»

Link til Universell sin tekst om dette:

<https://www.universell.no/fagskoler/dysleksi-i-fagskolen-en-veileder-til-individuell-tilrettelegging/universell-utforming-av-laeringsmiljoe/>

Universell utforming på lærestaden

I del to av denne handlingsplanen vil Vea sjå på moglege ordinære løysingar for universell utforming på lærestaden. Desse skal vere forebyggande og gi betra kvalitet for alle. Døme på universell utforming kan vera teksting av undervisningsvideo, forelesningsvideo der pedagogisk tilsett lagar munnleg tale til Power Point eller å gjere presentasjonar tilgjengelege på nett. **Gjennom god universell utforming av fokusområda våre, vil me redusera behovet for individuelle særordningar.**

Skulen er klar over at i enkelte tilhøve er ikkje universell utforming nok. **Individuell tilrettelegging kan vera aktuelt for å tilpassa for enkeltpersonar og kompensera for nedsett funksjonsevne.** Dersom individuell tilrettelegging er naudsynt, skal det vere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom student og fagmiljø ved skulen. Døme på tilrettelagd undervisning kan vere alternativ eksamensform eller videoopptak av undervisning.

Del 2 Fokusområde og tiltak

Gjennom samtalar, gruppearbeid og møte med dei tilsetje, har fagskulen identifisert barrierar og kome fram til aktuelle fokusområde og tiltak for å byggje ned desse barrierane. Veas handlingsplan er synleggjorde gjennom ein tabell for kvar av dei fem delane eit læringsmiljø kan delast inn i, jamfør Universell si inndeling:

<https://www.universell.no/fagskoler/dysleksi-i-fagskolen-en-veileder-til-individuell-tilrettelegging/inkluderende-laeringsmiljoe/>

1. Det fysiske læringsmiljøet (bygningar og omgjevnad)
2. Det psykososiale læringsmiljøet (mellommenneskelege forhold)
3. Dei organisatoriske læringsmiljøet (organisering av utdanningane)
4. Det digitale læringsmiljøet (korleis IKT brukast integrerast og utnyttast i den pedagogiske verksemda)
5. Det pedagogiske læringsmiljøet (utforming av læringsmål, form og innhald for studieprogram eller emne, val av læringsaktivitet og vurderingsformer og presentasjon av fagleg innhald.)

Veas mål med handlingsplanen

Veas mål med handlingsplanen er å kunne tilby eit skuletilbod og skulemiljø med så god universell utforming at ein kan redusere behovet for individuell tilpassing og særordningar til eit minimum.

Handlingsplanar for dei 5 hovudområda innan læringsmiljø følger i fortsetjinga av del 2. Dette dokumentet skal vere levande i den forstand at det må oppdaterast med jamne mellomrom og brukast i det daglege arbeidet på Noregs grøne fagskule – Vea. Rektor er dokumenteigar og har hovudansvar for dette. Han innkallar aktuelle til revideringsmøte ein gong per år.

1. Det fysiske læringsmiljøet

Bygningar og omgjevnad

Veas bygningar og omgjevnad skal vere forma ut slik at dei varetek studentars helse og tryggleik. Lokalar, veg for tilkomme, trappar, heiser, toalett, lysforhold, lydforhold, skilt og tekniske innretningar utformast etter prinsippet om universell utforming.

Vea ved Drift og Produksjon har ansvar for omgjevnad, teknisk vedlikehald innvendig og for tilrettelegging av det fysiske miljøet inne i bygga. Avvik kan meldast gjennom Veas løysing for innspel på heimesida www.vea-fs.no

MÅL	Fysiske omgjevnader skal vere forma ut slik at dei legg til rette for gode og inkluderande læringsprosessar for alle. Både ute- og inneområde skal vere tilgjengeleg for studentar utan hinder for ferdsel.			
Fokus-område	Tiltak	Ansvarleg	Tids-punkt for implementert tiltak	Gjennomført
Ferdsel	<p>Det skal vera lett å orientera seg på skulens området og finne veg.</p> <p>Det blir utarbeidd ein heilskapleg plan for skilting, leielinjer, varsling av fare/trapp, kryss og belysning av inngangsparti.</p> <p>Planen blir nytta for utarbeiding av ovannemnde tiltak og dessutan seinare drift og skjøtsel av areal.</p> <p>Nivåforskjeller skal vera trinnfri veg så langt det lèt seg gjera, der det er behov og moglegheit blir det opparbeidd kvileplata og handløparar.</p> <p>Det blir vurdert utarbeiding av plan for gangareal der mjuke trafikantar og køyretøy bruker same vegen.</p> <p>Planen blir brukt til etablering av tiltak for å regulera gå-, og køyresoner.</p> <p>Det blir etablert parkering for funksjonshemma ved undervisningsbygg.</p> <p>Skiltplanen bør inkludera informasjon som markerer handikaptoalett, romeigenskapar, og anna utstyr for tilrettelegging.</p>	<p>Avdelingsleiar kurs, marknad og utvikling (Kommunikasjonsrådgjever, Grøntanleggsforvaltar og Driftsansvarleg)</p> <p>Alle</p>	Utarbeide plan 31.12.25	Plan er utarbeidet og budsjett/kalkyler oversendes rektor innen 31.12.25

	<p>Gjenstandar ute og inne skal plasserast slik at dei ikkje hindrar fri ferdsel.</p> <p>Vea vil kontakta Fylkeskommunen med mål om å få nedsett fartsgrense på fylkesveg mellom campus og produksjonsområde.</p>	Rektor	31.12.24	<p>E-postutveksling med Innlandet fylkeskommune, med avslag på henvendelse. Fullverdig søknad ift. nedsatt fartsgrense, skilting og belysning sendes innen 31.12.25</p>
Teknisk oppgradering	Undervisningslokale oppgraderast teknisk for å komma i møte krav om universell utforming ved behov. Avdelingsleiar bestiller utføringa av konkrete tiltak hos leiar for driftsansvarleg.	Avdelingsleiarar	Blir fortløpande vurdert ved behov	Ingen nye behov pr. 7.10.25
Rulle-stolar	<p>Det bør vere plass for rullestol der det anleggs sitteplassar.</p> <p>Snu-radius inne og ute.</p> <p>Dørterskler og høgdeforskellar skal tilretteleggast for rullestolar i aktuelle deler av bygningsmassen.</p> <p>Automatiske dørropnarar og ramper ved inngangar samt håndlopere settes opp der det er behov for det.</p> <p>Minst ein hybel skal vere tilgjengeleg med rullestol.</p>	<p>Administrasjonsleiar administrasjon og service</p>	<p>Fortløpande ved behov</p> <p>31.12.25</p> <p>31.12.24</p>	<p>Ingen nye behov pr. 7.10.25</p> <p>Vurdere mulighet for å bytte ut eksisterende rampe til kantine.</p> <p>Hoveddel Øvre Lærerbolig har</p>

				rampe, ellers ikke tilrettelagt.
Lesepllass	Studentar som treng tilrettelagde lesepllassar skal vita kven dei skal venda seg til for å få lesepllass. Tilrettelegging og informasjonen blir gitt ved behov.	Studieadministrasjonen	Fortløpende	Ingen nye behov pr. 7.10.25
Beplantning	Det skal i liten grad nyttast sterkt allergiframkallande eller giftige plantar på Veas uteområde. Giftige plantar skal vera godt merka.	Grøntanleggsforvaltar i samarbeid med aktuelle faglærarar	Fortløpende 31.12.24	Merket innen frist.
Drift- og skjøtselsplan	Innarbeide vedlikehald av UU-tiltak i eksisterande skjøtselsplanar.	Grøntanleggsforvaltar i samarbeid med ansvarleg drift	1.3.26	Tas inn som eget punkt i skjøtselsplaner

2. Det psykososiale læringsmiljøet

Mellom-menneskelege forhold

Det psykososiale læringsmiljøet har mykje å seia for studentanes trivsel og læringsutbytte. Udir definerer det psykososiale miljøet slik:

«Med psykososialt miljø siktar ein her til dei mellommenneskelege forholda på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet handlar og om opplevinga til elevane av læringsituasjonen.»

Kilde: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Læringsmiljø/Udir-2-2010-psykossialt-miljø/Del-I/3/>

Mål	Det er eit mål for Vea at elevar og studentar skal oppleva at det psykososiale læringsmiljøet positivt fremjar helse, trivsel og læring.			
Fokus-område	Tiltak	Ansvarleg	Tidspunkt for implementert tiltak	Gjennomført
Sosial tilhøyring	Mellommenneskeleg samspel Sosiale tiltak etter dialog mellom rektor og studentforum	Studentforum ved leiar	Skolestart kvart år - gjennom heile året	Tema hvert år
Sosial tilhøyring	Gode samlingsplassar (alle arenaer) med moglegheit for: • Å trena saman	Rektor/ Avdelingsleiar for adm. og service	01.08.23	Utført 1.9.24

	<ul style="list-style-type: none"> • Jobbe saman • Slappe av saman 			
Sosial tilhøyring Student	Bli-kjenttak ved skolestart i klassene	Fagleg ansvarleg med faglærarteam	1-2 samling	Gjennomføres hvert år
Godt lærings-fellesskap	Avklares gjennom forventningsavklaringen ved skolestart jamfør kvalitetssystemet til skulen Tilrettelegge for samhandling på digital skjerm i biblioteket	Fagleg ansvarleg IKT-rådgiver	Skolestart kvart år 01.08.23	Gjennomføres hvert år Gjennomføres hvert år
Mobbing og trakkassering	Nulltoleranse – handlingsplan. <ul style="list-style-type: none"> • Info v/rektor 1. studentforum • Info i studentguiden 	Rektor og alle tilsette	Skolestart og fortløpande	Gjennomføres hvert år
Psykososialt læringsmiljø	Varierande psykisk helse er ei aukande utfordring, også aktuelt for studentane og elevane våre. Det er behov for meir kunnskap om korleis pedagogane skal leggja til rette for eit godt psykososialt læringsmiljø. Kurs 2023 / 2024 <ul style="list-style-type: none"> • Korleis skapa tryggleik i læringsmiljøet? • Korleis sikre at alle er med? • Korleis skapa openheit rundt eventuelle utfordringar. • Korleis behandla folk med tydeleg dårleg psykisk helse? • Korleis kjenne igjen ulike psykiske utfordringar? 	Avdelingsleiarar	01.01.24 01.06.24	17.11.2023

3. Det organisatoriske læringsmiljøet

Organisatorisk læringsmiljø omhandlar forhold relatert til korleis studiane er organisert, ulike studieadministrative system, strukturen og organisering av arbeidet med læringsmiljø med meir. Vidare handlar det om dei grep lærestaden tek for å utvikla utdanningskvalitet og læringsmiljø, oppfølging av studentane, og system for medverking og tilbakemeldingar frå studentane.

MÅL	Tiltak	Ansvarleg	Tidspunkt for implementert tiltak	Gjennomført
Fokus-område				
Generelt	<p>Handlingsplanen for UU er rettleiar og sjekkliste.</p> <p>Heva kompetansen blant dei tilsette på dei mest aktuelle områda innan universell utforming.</p> <ul style="list-style-type: none"> •P-dag juni 2023 blir det gitt informasjon om Veas designmal •P-dag august 2023 blir det gitt kurs i UU av digitalt innhald. •Kurs om UU i uteområdet høst 2023 	<p>VLG</p> <p>Avdelingsleiarar</p> <p>Avdelingsleiar kurs, marknad og utvikling</p>	<p>01.06.23</p> <p>20.08.23</p> <p>01.12.25, utsatt til 1.6.26</p>	<p>1.6.23</p> <p>Utført 20.8.23</p> <p>Utført 20.8.23</p>
Mobilitet	<p>Det er ekstra midler til følgjeperson om det er behov for det.</p> <p>Skulen vil gjera partnar merksam på tilretteleggingsbehov</p>	Internasjonal koordinator	<p>Ved hver ny søknad</p> <p>Fortlopende</p>	<p>Ikke behov pr. 7.10.25</p>
Praksis-plassar	<p>Ved praksis på Vea skal Vea ved behov sørja for individuell tilrettelegging for privatistar/studentar</p> <p>Påmeldingssystem for praksispåmelding skal vera universelt forma ut.</p>	Faglig ansvarlig GV sammen med praksislærer	Fortlopende	<p>Ikke behov pr. 7.10.25</p>

Informasjon frå skulen	Informasjonstenester for studentar skal vere universelt utforma.	Kommunikasjons-rådgivar	Fortlopande	Font i studieplaner er endret ihht. UU.
	<p>Alle førespurnader skal gjerast til sentralbord/postmottak/resepsjon. Dette skal vi sikra gjennom mellom anna god og tydeleg informasjon på Veas nettside og i informasjon som blir send ut.</p> <p>Informasjon om elevar/studentars rettar skal komma tydeleg fram på Veas nettside.</p>	Kommunikasjonsrådgivar	Fortlopande	
Hybel-utleie	Alle system som blir nytta i samband med hybelutleige skal følgja krava til universell utforming. Sikre at informasjon som blir send ut i samband med hybeladministrasjon følgjer krava til universell utforming.	Hybelansvarleg	Fortlopande	
Student-med-verknad	Sikre individuell tilrettelegging og tilpassing ved behov i samband med studentmedverknadstiltak og studentvelferdstiltak.	Rektor	Fortlopande	
Eksamensvarleg	<p>Gjennomføra individuell tilrettelegging i samsvar med regelverket</p> <p>Sikre at system for eksamensinnlevering og sensurering følgjer gjeldande krav til universell utforming.</p>	Eksamensansvarleg IKT- og eksamensansvarleg	Fortlopande	
Studie-administrasjonssystem	<p>Gå gjennom og sikre at lokale studieadministrative system er i tråd med krav om universell utforming. Dette gjeld mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - MinSide - Automatisk generert informasjon - Lokalt søknadsskjema - Alle skjema som blir nytta i samband med evaluering av utdanningskvaliteten skal vera universelt forma ut. Dette gjeld også innspelsordninga til fagskulen. 	IKT-ansvarleg	Fortlopande	

4. Det digitale læringsmiljøet

Korleis IKT brukast, integrerast og utnyttast

Det digitale læringsmiljøet handlar om korleis bruk av IKT påverkar læreprosessane for studentane. Det digitale læringsmiljøet handlar om korleis IKT brukast, integrerast og unyttes som ein del av den pedagogiske verksemda innan kvart enkelt fagområde. Universell utforming av IKT-løysningar må ikkje gje nye barrierar for studentar med nedsett funksjonsevne.

Døme på verktøy som kjem inn under digitalt læringsmiljø er Podkast, e-læringsssystem som Canvas, digital vurdering, Flipped Classroom og MOOC (Massive Open Online Courses).

I Noreg er det fastsett detaljerte reglar om universell utforming av IKT. Forskrift om universell utforming av IKT-løysningar byggjer på internasjonale retningslinjer for tilgjengeleg webinhald, Web Content Accessibility Guidelines (WCAG).

MÅL	Tiltak	Ansvarleg	Tidsfrist	Gjennomført
	Det er eit mål for Vea at universell utforming av det digitale miljøet skal bidra til meir inkludering og redusera behovet for særloysingar. Tilgjengelegheit for alle			
Nettside	Nettsider skal så langt det er mogleg ha universelt forma ut tekst, bildar, video eller lyd i henhold til WCAG-standard. Verktøy for automatisk testing av nettsider brukast www.vea-fs.no Teste, kvalitetssikra Tilgjengelegheitserklæring Kommunikasjonsplan må oppdaterast	Kommunikasjonsrådgivar	31.12.23	Ja
Sosiale medier (SOME)	Ivareta UU i bruk av sosiale medier	Markedsansavslig	31.12.24	Ja, der det er mulig
Designmanual	Lage aktuelle maler og føringer for bruk av tekst, bilder, video og lyd	Kommunikasjonsrådgivar og IKT-ansvarleg	31.12.23	Ja
Læringsplatt-forma	Publisert innhald i læringsplattforma skal vere universelt forma ut.	Faglærar	Fortlöpande	

	Digital undervisning og samhandling på ulike kommunikasjonsplattformar, skal ta omsyn til mangfaldet så langt som mogleg for å unngå at nye barrierar skapast.			
Tilgjengeleghetsverktøy	Tilgjengeleghetsverktøy som identifiserer element som ikkje er universelt forma ut i læringsmateriell bør brukas. Det må tilbydast opplæring i bruk av verktøyet hausten 2023.	IKT-ansvarleg, alle tilsette	1.5.26 (oppdatert frist)	
Digitalisert pensum	Det bør tilbydast digitalt pensum i studiar dersom dette er tilgjengeleg. Skanning for digitalisering av kompendia skal tilbodas når det er formålstenleg. Vurdera å bruka andre ressursar. Liste over aktuelt digitalt pensum som førefinst.	Bibliotekar i samarbeid med faglærar	Fra 01.08.25	
Teksting av video/film	Teksting av video eller film kan vere til god hjelp. Det bør leggjast ut forelesningar med tekst, bilete og lyd. Kan også vera notat eller manus.	Faglærar	Fortløpande	
Eksamensrutine	Digitale eksamenar skal ha universelt forma ut formatering, overskrifter som gir oversikt, beskriving av tabellar og teksta biletmateriale og videoar. Eksamensrutine må oppdaterast i samsvar med UU	Eksamensansvarleg i samarbeid med faglærar	01.08.23 1.5.26	OK, 5.9.24
Søknadsweb	Digitale sjølvbetjeningsløysningar for nødvendige bestillingar	IKT- og opptaksansvarleg	01.08.23	Utført 2023, initiert av DF, utført av Håkon
Informasjons-skjermar	Tilpassa innhald Rutine	Kommunikasjonsrådgivar og den enkelte bruker	01.08.23	1.8.23
Teleslynge	Skulen har tilgang på teleslyngje gjennom hjelpemiddelsentralen, ved behov	Avdelingsleiar	Fortløpande	

5. Det pedagogiske læringsmiljøet

Utforming av læringsmål, form og innhold, studieprogram eller emne, val av læringsaktivitet og vurderingsformer og presentasjon av fagleg innhald.

Det pedagogiske læringsmiljøet handlar om utforming av læringsmål, val av læringsaktivitetar, vurderingsformer eller korleis det faglege innhaldet ellast presenterast. Det pedagogiske læringsmiljøet blir påverka av studentanes forutsetningar for læring, med utgangspunkt i ulike læringsstilar, behov og preferansar, og dessutan kulturell og personleg bagasje.

Vea tilbyr praktiske utdanningar for yrkesfelt som har til dels harde fysiske yrke. Utdanningane blir utvikla i samarbeid med behovet til yrkesfelta. Sidan tilretteleggingsplikta ikkje skal gi uforholdsmessig byrde for utdanningsinstitusjonen, går Vea ut frå at utforming av læringsmål og val av læringsaktivitet i fyrste rekka skal oppfylla behovet til yrkesfelta for kompetanse. Den universelle utforminga av det pedagogiske læringsmiljøet må difor i større grad gå på presentasjon av fagleg innhald. Det kan difor i større grad på dette punktet bli behov for individuell tilrettelegging.

Individuell tilrettelegging

Studentar med nedsett funksjonsevne møter ei rekke ulike barrierar i utdanninga. Mange av studentane med nedsett funksjonsevne meiner at betra tilrettelegging kunne redusert problema.

Vea vil sørja for individuell tilrettelegging så langt det er mogleg når universell utforming ikkje er tilstrekkeleg.

MÅL	Vea vil i undervisninga ha som mål å presentera det faglege innhaldet på ein universell måte. Val av læringsutbytte og læringsaktivitet må pregase av krav og kompetansebehov frå yrkesfelta. I aktuelle høve må dette kompenserast for gjennom individuell tilrettelegging.			
Fokus-område	Tiltak	Ansvarleg	Tidspunkt for implementert tiltak	Gjennomført
Forelesningsdokument	Uavhengig av type funksjonsnedsetting meiner mange at utdeling eller utlegging av forelesingsdokument ville vere nyttig for dei. Så framt det ikkje er ein pedagogisk god grunn for å la vere, skal forelesingsdokument leggjast ut for privatistar og studentar. Ein bør vurdera om dei skal leggjast ut i forkant, som omvend undervisning.	Faglærar	Fortlopande	
Forelesning gjennom lyd og	Ein bør vera medvitens bruk av verbale og visuelle verkemiddel i undervisninga.	Faglærar	Fortlopande	

bildar	<p>Ein stor del meiner at video- eller lydopptak av nettforelesningar er nyttig. Det bør leggjast ut nettforelesningar med tekst, bilete og lyd. Er det synshemma studentar i gruppa skal nettforelesinga synstolkes med tanke på bilet /video. Ein bør bruke den didaktiske relasjons-modellen og MAKVISE – for å vareta variasjon i undervisninga.</p>			
Like-behandling i forhold til UU	<p>Vi må alltid tilpassa undervisning til læreføresetnadene. Det må sikrast likebehandling på tvers av utdanningar. Ved einskilde behov der universell utforming ikkje er tilstrekkeleg, kan det vera behov for individuell tilpassing for å oppnå lik moglegheit for læring.</p>	Avdelingsleiarar Alle som underviser	Kontinuerleg	
Rettleiar i universell utforming	<p>Undervisaren skal ha kunnskap om universell utforming av undervisninga og ferdigheter til å kunna bruka utstyr som er tilgjengeleg i undervisningsromma.</p> <p>Det skal utarbeidast ressursar for rettleiing som er tilgjengelege.</p> <p>Opplæring gjennom digital kompetanseheving 2022/2023 Munnleg undervisning: Snakke tydeleg med volum. Vurdera tempo i undervisninga. Unngå dei mest dialektprega orda.</p>	Avdelingsleiar IKT-ansvarleg Faglærar	01.09.23 1.5.26 Forløpende	Utført Ligger noe i Teams Håkon systematiserer.
Kompetanseheving i universell utforming og bruk av digitale hjelpe middel	<p>Undervisningspersonale bør få tilbod om å delta på opplæringskurs i bruk av fungerande løysingar for universell utforming av undervisning, herunder digitale hjelpe middel.</p> <p>Gi tilbud om oppfriskningskurs</p>	Avdelingsleiarar	16.6.23 31.12.26	Uført